



Hordaland Natur og ungdom
Bryggen 23
5003 Bergen

Dato: 07.07.2015
Vår ref.: 2015/898-132
Saksbehandlar: marask
Dykkar ref.:

Underretning om vedtak - driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå 2015

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til drift av dykkar organisasjon. Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden i møte den 02.06.2015 Sak nr 112/2015. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving

Ved tildelinga i 2015 var det kr 1 559 000,- til fordeling på 35 søkarorganisasjonar, der seks organisasjonar ikkje er innstilt på støtte. Søknaden er vurdert opp mot vedtekne retningslinjer for ordninga og dei vilkår som går fram av desse. For dykkar del kom Kultur og ressursutvalet til at vilkåra ikkje var stetta.

For nærare informasjon og grunngjeving vert det vist til fylkesrådmannen sitt saksframlegg og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak :

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=4595&caseType=Protokoll®istryEntryId=0>

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Marianne Ose Askvik
sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.